



Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Saksbehandlar, innvalstelefon

Bjarne Otnes, 71 25 85 75

Att.Bendik Kjefferud Erdal

Uttale - Trønder Energi Kraft AS - Sunndal - midlertidig fråvik frå manøvreringsreglement for Driva - Driva kraftverk

Bakgrunn

TrønderEnergi kraft AS (TEK) søker på vegne av Driva kraftverk DA om løyve til å midlertidig fråvike gjeldande *Manøvreringsreglement for reguleringa Festa-Vindøla m.v. i samband med bygging av Driva kraftverk* (2004). Manøvreringsreglementet set krav om tvangskøyting når vassføringa kjem under gitte vassføringar i Driva elv målt ved Elverhøy bru, varierende med sesong. Bakgrunnen for søknaden er manglande snøsmelting og lite nedbør, og med det historisk låg fyllingsgrad i magasina. Prognoser for ulike scenario viser at ein tørr haust og ein vinter med lite tilsig vil gi manglande magasinreserve i den mest kritiske lågvassperioden i mars.

Det er difor søkt om å redusere kravet til vassføring frå 75 m³/s til 20 m³/s som grense for tvangskøyting i perioden fram til 14. september, og fra 50 m³/s til 11 m³/s som grense i perioden 15. september – 15. oktober. Fråviket vil redusere tvangskøytinga frå Gjevilvatnet, og auke sannsynet for at det er nok vatn tilgjengeleg til å oppretthalde 11 m³/s gjennom vinteren.

Høyring

NVE har så vidt vi forstår avgrensa høyring av søknaden til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Sunndal kommune er ikkje høyrte. TrønderEnergi Kraft AS har for sin del sendt kopi av søknaden til Sunndal kommune og Oppdal kommune.

I samband med behandling mot G. salaris og reetablering av laks- og aurestammene i Driva har Sunndal kommune med statlege midlar tilsett ein eigen Drivakoordinator. Til seinare oppmodar vi difor NVE til å nytte seg av denne kompetansen. Som grunnlag for vår uttale har vi innhenta innspel frå koordinatoren.

Merknader

Saman med Sunndal kommune ser vi problemet med at det er så lite vann i Gjevilvatnet, samt at fyllinga av magasinet vil ta tid. Køyting av kraftverket i samsvar med manøvreringsreglementet kan difor gi utfordringar.

Det er naturleg lite vatn i Driva i 2026. Drift av fiskesperra viser at fisken i Driva er avhengig av god vassføring t.d. i nedbørsperiodar, for å migrere opp vassdraget. Det er difor viktig at mest mogleg vatn får bli i vassdraget for å sikre fiskevandring. Tvungen køyring av kraftverket når det elles er lite vatn i vassdraget kan derimot føre til at fisk søker inn i utløpet, og slik hindrar vidare vandring opp vassdraget. Samtidig er det viktig å sikre nok vassføring i vinterhalvåret av omsyn til yngel- og ungfiskproduksjonen.

Samla er det vår felles oppfatning at det truleg kan gi fordelar for anadrom fisk i vassdraget å sikre tilstrekkeleg vassreservar fram mot kommande vinter. Tiltaket vil også bidra til å redusere ytterlegare erosjon og andre negative effektar i Gjevilvatnet.

Dersom NVE gir dispensasjon frå manøvreringsreglementet bør det stillast vilkår om gradvis nedtrapping for å unngå stranding av fisk, og at det blir gjort tiltak for å sikre at ev. fisk i kraftverksutløpet kjem seg ut i vassdraget igjen. Nedtrappinga bør gjerast med bistand frå fiskerifagleg kompetanse og Sunndal kommune sin Drivakoordinator.

Det er elles viktig at tiltaket blir kunngjort lokalt, og at TEK informerer dei berørte interessene på ein god måte.

Med helsing

Linda Aram (e.f.)
underdirektør

Bjarne Otnes
underdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
OPPDAL KOMMUNE	Postboks 1	7341	OPPDAL
Statsforvalteren i Trøndelag	Postboks 2600	7734	STEINKJER
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM